# VI LÆRER NYNORSK

## B – GRAMMATIKK ADJEKTIV

*Ein undervisningsfilmserie*

SW

## Adjektiv - definisjon

- Adjektiva fortel noko om eigenskapane til eit substantiv
- Vi bøyer adjektivet i kjønn og tal i samsvar med ordet det står til
  - ein *fin* penn
  - eit *fint* hus
  - mange *fine* bøker

SW

## Adjektiv – nynorske særtrekk

- Endingane –lig, –løs og –som på bokmål heiter **–leg**, **–laus** og **–sam** på nynorsk (vanskeleg, meiningslaus, varsam)
- Adjektiv som sluttar på vokal eller diftong, endar alltid på to t-ar i inkjekjønn (lei**tt**, grei**tt**, brei**tt**)
- Verb som nyttast som adjektiv endar på **–ande** (lev**ande**, syng**ande**) (presens partisipp)
- Dei fleste nynorske adjektiva gradbøyer vi med endingane **–are** og **–ast** (fin – fin**are** – fin**ast**)

SW

## Adjektiv – samsvarsbøying

- Dei fleste nynorske adjektiv bøyer vi slik:

| Hankjønn | Hokjønn | Inkjekjønn | Fleirtal |
|---|---|---|---|
| ein **stor** stein | ei **stor** hytte | eit **stort** tre | **store** skogar |
| den **store** steinen | den **store** hytta | det **store** treet | dei **store** skogane |

## Adjektiv – samsvarsbøying

- Adjektiv som endar på **–en**, blir bøygde slik:

| Hankjønn | Hokjønn | Inkjekjønn | Fleirtal |
|---|---|---|---|
| ein **open** port | ei **open** dør | eit **ope** glas **opent** | **opne** dører |
| den **opne** porten | den **opne** døra | det **opne** glaset | dei **opne** dørene |

## Adjektiv – gradbøying

- Hovudregelen er at nynorske adjektiv får endiga **–are** i komparativ og **–ast** i superlativ

| Positiv | Komparativ | Superlativ |
|---|---|---|
| sterk | sterk**are** | sterk**ast** |
| klok | klok**are** | klok**ast** |
| farleg | farleg**are** | farleg**ast** |
| modig | modig**are** | modig**ast** |

## Adjektiv – gradbøying – unntak 1

- Mange av dei vanlegaste adjektiva har uregelrett bøying

| Positiv | Komparativ | Superlativ |
|---|---|---|
| få | færre | færrast |
| gamal/gammal | eldre | eldst |
| god | betre | best |
| liten | mindre | minst |
| mykje | meir | mest |
| mange | fleire | flest |
| tung | tyngre | tyngst |
| stor | større | størst |

## Adjektiv – gradbøying – unntak 2

- Lange adjektiv og adjektiv som endar på **–a**, **–isk** og **–ete**, gradbøyer vi ved å setja inn *meir* og *mest*

| Positiv | Komparativ | Superlativ |
|---|---|---|
| framand | **meir** framand | **mest** framand |
| spennande | **meir** spennande | **mest** spennande |
| eksemplarisk | **meir** eksemplarisk | **mest** eksemplarisk |
| interessant | **meir** interessant | **mest** interessant |

## Adjektiv - oppsummering

- Adjektiva fortel noko om eigenskapane til eit substantiv
- Vi bøyer adjektivet i kjønn og tal i samsvar med ordet det står til
  - ein *fin* penn
  - eit *fint* hus
  - mange *fine* bøker
- Dei fleste nynorske adjektiva gradbøyer vi med endingane **–are** og **–ast**

  (fin – fin**are** – fin**ast**)